Førsteblad

# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Ø. Eiker.

Emne: Ymse attåtfôr — Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Kopperud — Gard:

(adresse): — G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kristen Ruud, 93 år. f. i Ø. Eiker. Bonde og handelsmann.
Kristian Teigen, ~~65-70 år~~. f. i Ø. Eiker. Bonde på Teigen. f. 1873

SVAR

I A og B.

Ukjent.

II.

Tang og tare fell burt
Ukjent at vassplante vart nytta som fôr.

III

K.R.: ukjent.
K.T. hadde sjølv kokt mykje brennenesle til grisen. Gjellerud'n på Råen (sjå 4) hadde kokt brennenesle saman med hestemøkk til grisen.

IV. K.R.: ukjent
K.T.: På Råen vor kring 1900 ein numedøl som heitte Gjellerud. Han dreiv mykje med al av gris for salg til livs. Han fôra grisene mykje med hestemøkk, kokte den saman med brennenesle.
K.T. hadde sjøl ~~brukt~~ prøvt det under siste krigen for første gong. Han kokte møkka saman med havremjøl, spedde på mjølet når møkka

9587

kokte. Det var ikkje lenge kyrne fekk det, men dei tok det godt. Det vart brukt for stutt tid til at han kunne sjå nokon verknad av det på kyrne eller mjølka. Grisene hadde fått det to gonger om dagen i lengre tid. Sei at det godt og fleshet var fint.
Han kjenner ikkje til at andre har brukt det til kyr, men er overtydd om at det har vore gjort.

V.

1. K.T. meiner det vart heilt slutt med å gi sörpe etter siste krigen.
K.T. ein kokte i bryggepanna
Kyrne fekk sörpa i sörpebytte som tok eitpar vanlege bötter.

2. Rein nytta drakkelse, agner (K.R.: iallfall på mindre garder) potetgras; ikkje höy. Salt og (av og til) litt mjöl. (K.R.)

3. Kyrne fekk sörpe to gonger for dag, og når dei hadde ete opp, ~~fekk~~ laga ein til for neste mål.

4. K.R. Rognebær ikkje nytta.
K.T.: Höna har av og til fått rognebær slik dei er.

5-6. Ikkje brukt, vanskeleg å få tak i det.

7. Vanleg å koke lag på potetgras.

VI.

Ukjent.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING